



DET KONGELIGE  
KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENT

Statsråden

Norsk Ornitologisk Forening  
Sandgata 30 B  
7012 TRONDHEIM

Deres ref

Vår ref

Dato

20/1246-

02 NOV 2020

### Midlertidig vern av areal ved Sklinna

Eg takkar for brevet og e-posten frå 17. september 2020. Eg er glad for engasjementet de har for å verne om verdiane knytt til Sklinna naturreservat.

Det er rett at utviding av Sklinna naturreservat er eit av kandidatområda det kan vere aktuelt å utvide for å bevare verdifull natur i Trøndelag. Dette framkommer i Miljødirektoratet si anbefaling til Klima- og Miljødepartementet om supplerande vern frå 2019. Dette er ikkje konkrete verneframlegg, men oversikt over kandidatområde som kan bidra til å dekke manglar i eksisterande verneområde. Miljødirektoratet førebur no det vidare arbeidet i nokre fylke med sikte på å finne fram til dei områda som er aktuelle for konkrete verneplanprosessar. Det er ikkje bestemt når dette arbeidet vil starte i Trøndelag.

Når det gjeld eventuelle planar om akvakultur, er Norsk Ornitologisk Forening sikkert merksam på at dette krev handsaming etter både plan- og bygningslova, akvakulturlova og forureiningslova. Dette er ikkje ein handsaming som mitt departement er involvert i no.

Det er Miljødirektoratet som har mynde til å fastsette midlertidig vern etter reglane i naturmangfaldlova § 45 dersom verneverdiar står i fare for å bli øydelagt før eit eventuelt vernevedtak blir fatta. Det er difor direktoratet som må gjere den konkrete vurderinga om eventuelt bruk av midlertidig vern også i denne saka. Som eit utgangspunkt er det ikkje naturleg å vurdere midlertidig vern i saker der tiltak krev løyve, konsesjonar, dispensasjonar mv. for å kunne starte opp, og der slike vedtak framleis er i prosess.

Med helsing



Sveinung Rotevatn

